

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Avdemsbue, Lesja

Dato: 21.09.2020

Tidspunkt: 09:00 – 13:30

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal	Leder	FJORD
Bjarne Eiof Holø	Nestleder	LOM
Magnhild Vik	Medlem	RAUMA
Mariann Skotte	Medlem	LESJA
Torbjørn Rødstøl	Medlem	MRFK
Hans Kristian Enge	Medlem	IFK
Inger Line Flydal	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Live Langøygard	Medlem	VÅGÅ
Edel Kveen	Medlem	SKJÅK

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Harald Svee Bjørndalen	Live Langøygard	VÅGÅ
Morten Kielland	Edel Kveen	SKJÅK

Merknader

Etter styremøte var det synfaring med tur opp til utsiktspunktet Tussheim. Kari Anette Austvik frå Lesja kommune var med på turen for å orientere om prosjektet i Lesja kommune.

Etter lunsj vart det stutte orienteringar om Besøksstrategi for Reinheimen, status for gjennomføring av tiltak i Reinheimen 2020 og Villreinløypa. I tillegg orienterte forvaltar og SNO om oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar
Thomas Rødstøl	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Mariann Skotte
Sign.

Per Magnus Berdal
Sign.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 25/2020	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 26/2020	Referatsaker		
	Iverksetting og oppfølging av kvalitetsnormen for villrein		2020/3464
	Søknad - Finndalen LVO - flomførebyggjande tiltak i Rååkåelva og Finna		2020/6597
	Fråsegn til høyring av forskrift etter luftfartslova - Oppretting av to midlertidige restriksjonsområde for flyging på Nordvestlandet		2020/9035
	Uttalelse - høring - reguleringsplan - Flatmark-Monge-Marstein		2019/7272
ST 27/2020	Delegerte saker		
DS 30/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - drone - Trollveggen - Nordisk Film TV AS		2020/6960
DS 31/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - båt - Leirungsvatnet - John Teigum - Ola Rikheim - Magne Frisvold - Syver Flatmo		2020/1243
DS 32/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - telting - filming med drone - brearkeologisk innsamling - Innlandet fylkeskommune - Kulturarvseksjonen v/ Espen Finstad		2020/7725
DS 33/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 5 år - motorbåt - Leirungsvatnet - Svein Wassæther		2020/9082
DS 34/2020	Delegert vedtak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Bruk av motorbåt på Leirungsvatnet i samband med fiske - Asbjørn Vigstad		2020/8666
DS 35/2020	Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - helikopter - 240820-191220 - rehabilitering av kjøkken - Reindalseter Turisthytte - DNT Ålesund		2020/8955
DS 36/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2020 - bruk av helikopter fra Tunga til Vakkerstøylen - bygging av ny utedo - DNT Sunnmøre v/Åsmund Steen		2020/8145
DS 37/2020	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2025 - Motorbåt - Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak		2020/9158

DS 38/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - motorbåt - Torsvatnet - Leirungsvatnet - Ove John Plassen	2020/6488
DS 39/2020	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - frakt av utstyr med helikopter til reparasjon av brua over Tora - DNT Oslo og Omegn	2020/7985
DS 40/2020	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Motorbåt på Leirungsvatnet i samband med garnfiske - Konrad Soglo	2020/8769
DS 41/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 -2025 - motorbåt - Leirungsvatnet - Leif Bakken	2020/5987
ST 28/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel og montering av mast - 2020 - helikopter - Døntindbotn - NVE	2020/7921
ST 29/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - 2020 - fasadeendring på naust ved Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak	2020/9155
ST 30/2020	Eventuelt	

ST 25/2020 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 21.09.2020

Torbjørn Rødstøl foreslo at RS 12/20 – *Uttale til planprogram E136, Flatmark – Monge – Marstein*, vart oppretta som eiga styresak og behandla i etterkant.

Vedtak

Ingen merknader til innkallinga. Styret vedtok å behandle RS 12/20 – *Uttale til planprogram E136, Flatmark – Monge – Marstein*, som eiga styresak i etterkant.

Mariann Skotte vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 21.09.2020

Flomførebyggende tiltak i Finna og Rååkåelva (RS10/20)

Det vart orientert om søknad frå setereigarar på Vangen og Finndalsvegen, som ønskjer å gjere tiltak i vassdraget ved å grave og flytte på steinmasse i elva Finna og flytte på elveløp i Rååkåelva for å hindre framtidig skade på veg og setre. NVE er bede om ei vurdering av vassdragstekniske behov, før saka vert lagt fram for styret til behandling etter vernereglane. Det er derfor lagt opp til synfaring med NVE, Lom kommune og søkjarane 22.sept. i Finndalen. Behandling av saka i Nasjonalparkstyret vil skje elektronisk i etterkant.

Uttale til planprogram – E 136, Flatmark – Monge – Marstein (RS 12/20)

Det vart orientert om SVV sitt nye alternativ til omlegging av E136 mellom Flatmark – Monge i Romsdalen lvo. Utkast til uttale frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen vart sendt i forkant av styremøtet. Torbjørn Rødstøl la i møtet fram følgjande forslag om tillegg til uttala:

1.

I planprosessen for omlegging og opprusting av E-136 gjennom Romsdalen, forutsetter Nasjonalparkstyret at tidligere godkjente planer fra 2003 og 2008 blir lagt til grunn, med enkelte justeringer. Dette vil gi minst mulig samlede inngrep i landskap og elv.

2.

Nasjonalparkstyret vil be om at det utredes innovative løsninger for de to relativt korte strekningene i kommunedelplanen fra 2008, (alt 1 og 2) som har nærføring med Rauma elv.

Dette for å redusere inngrepene i elva. Med den forskyving av jernbanen som er skissert på disse alternativene kan det se ut som om nærføringen ved Jetmundhølen i stor grad allerede er eliminert.

3.

Det må også vurderes lokale tilpasninger i sentrale vegstandarder gjennom et så krevende landskap, der alle berørte parter må kompromisse.

4.

Veghøyde tilpasset klimaendringer og vannstansheving må få en grundigere utredning, da vi forstår at de forutsetninger som legges til grunn i planarbeidet er vesentlig strengere her enn andre steder, og kompliserer med det en fra før vanskelig situasjon.

5.

På den vedtatte parsellen lenger oppe i Romsdalen har man gått inn på et prinsipp om at gang og sykkelveg er lagt i stor avstand fra E-136.

Nasjonalparkstyret er av den oppfatning at samme praksis også kan utredes på denne parsellen dersom det forenkler framføringen av alt 1 og 2.

6.

Alt 4 vil fra pel 18600 til planlagt bru berøre Rauma elv. Dette må konsekvensutredes dersom dette alternativet skal videreføres.

7.

Vi vil også be om en visualisering av konsekvensene ved alt.4 ved at det tegnes tverrprofil ved pel 18970 og pel 19070 for å vise vegens høyde og nærføring med Rauma elv.

Likedan ved pel 19350 for å vise skjæringen gjennom terrenget sammen med eksisterende jernbaneskjæring.

Nasjonalparkstyret vurderte forslaget frå Torbjørn Rødstøl punkt for punkt, og var samde i at pkt. 3. og 4. blir slått saman, og at 6. og 7. Punkt 1, 2 og 5 skal med i uttala.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at forvaltar innarbeider forslag og innspel i styremøtet til ei endeleg uttale til planprogram – E 136, Flatmark – Monge – Marstein. Det vert og bede om at endeleg uttale vert lagt fram som eiga sak til elektronisk styrebehandling i etterkant.

Referatsakene vart teke til etterretning.

Iverksetting og oppfølging av kvalitetsnormen for villrein

Søknad - Finndalen LVO - flomførebyggjande tiltak i Råkåelva og Finna

Fråsegn til høyring av forskrift etter luftfartslova - Oppretting av to midlertidige restriksjonsområde for flyging på Nordvestlandet

Uttalelse - høring - reguleringsplan - Flatmark-Monge-Marstein

ST 27/2020 Delegerte saker

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen -
21.09.2020**

Vedtak

Delegert saker vert teke til orientering.

DS 30/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - drone - Trollveggen - Nordisk Film TV AS 2020/6960

DS 31/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - båt - Leirungsvatnet - John Teigum - Ola Rikheim - Magne Frisvold - Syver Flatmo 2020/1243

DS 32/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - telting - filming med drone - brearkeologisk innsamling - Innlandet fylkeskommune - Kulturarvseksjonen v/ Espen Finstad 2020/7725

DS 33/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 5 år - motorbåt - Leirungsvatnet - Svein Wassæther 2020/9082

DS 34/2020 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Bruk av motorbåt på Leirungsvatnet i samband med fiske - Asbjørn Vigstad 2020/8666

DS 35/2020 Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - helikopter - 240820-191220 - rehabilitering av kjøkken - Reindalseter Turisthytte - DNT Ålesund 2020/8955

DS 36/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2020 - bruk av helikopter fra Tunga til Vakkerstøylen - bygging av ny utedo - DNT Sunnmøre v/Åsmund Steen 2020/8145

DS 37/2020 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2025 - Motorbåt - Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak 2020/9158

DS 38/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - motorbåt - Torsvatnet - Leirungsvatnet - Ove John Plassen 2020/6488

DS 39/2020 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - frakt av utstyr med helikopter til reparasjon av brua over Tora - DNT Oslo og Omegn 2020/7985

DS 40/2020 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Motorbåt på Leirungsvatnet i samband med garnfiske - Konrad Soglo 2020/8769

DS 41/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 -2025 - motorbåt - Leirungsvatnet - Leif Bakken 2020/5987

ST 28/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel og montering av mast - 2020 - helikopter - Døntindbotn - NVE

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 21.09.2020

Samrøystes om innstillinga

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får NVE v/ Eldar Gjerde dispensasjon til landing og lågtflyging med helikopter og oppsetting av to satelittreflektorar på Skiri ved Døntindbotn.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld flyging av utstyr og materiell, og skal avgrensast til det som strengt tatt er nødvendig for å byggje utstyrshytte og mast.
- Alt materiell som ikkje trengs etter bygging skal fraktast ut av verneområdet innan fristen. Det skal visast omsyn til dei uberørte naturverdiane og kun borast og settast spor der det er høgst nødvendig for å feste stolpane.
- Dispensasjon gjeld for inntil 10 turar 2020.
- Flyginga skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.
- Utforming og plassering av bygg og mast skal følgje skisser i søknaden
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at installasjonane blir fjerna, om behova for masta endrar seg i framtida.

Statens naturoppsyn (SNO) Thomas Rødstøl (tlf.: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før køyring for informasjon om opplegget for transporten.

Køyrebok og dispensasjon skal vere med køyretøyet under transporten.

Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 31.12.2020 på følgjande elektroniske skjema:

http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf

Vi gjer merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommune.

ST 29/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - 2020 - fasadeendring på naust ved Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 21.09.2020

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt.1.3.b), får Per Ivar Aak dispensasjon til å setje inn eit vindauge og installere eit solcellepanel på naustet sitt ved Ulvådalsvatnet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindauge skal ikkje vere større enn 50X70 cm.
- Det skal settast skoddar for vindauge når naustet ikkje er i bruk.
- Skoddane skal beisast i same farge som naustet.

- Vindauge og solcelle skal plasserast på tverrenden av naustet slik at det blir lite synleg og skjemmaende i landskapet.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

ST 30/2020 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 21.09.2020

Forsvaret sitt ønskje om øvingsaktivitet i nasjonalparken:

HV11-Åndalsnes ønskjer å etablere vinterøving for Royal Marines i Reinheimen (Skjåk – Lesja) og Dovrefjell i periodane jan.-mars. Det vart etter søknad og møte i januar 2020 gjeve dispensasjon til gjennomføring av vinterøvinga i 2020. I etterkant vart det av SNO dokumentert brot på vilkår for dispensasjon ved bruk av snøscooter, jf. rapport.

Det skal gjennomførast Teams-møte med HV 11 22.09.20, der forvaltarar i Reinheimen, Dovrefjell, og Rondane vil delta, i tillegg vil SNO og representantar frå fylkesmannen i Innlandet og Møre og Romsdal bli med på møtet. Det er viktig for Reinheimen og følgje opp vedtaket frå 16.01.20, med krav om at HV11 finn områder til øvingsaktivitet utanfor verneområdet. Øvingsaktivitet i regi av HV 11- Åndalsnes vil skape uheldig presedens, og negativ samla belastning i verneområdet. Det er ikkje aksept for å opne opp for framtidig vinterøving i Reinheimen nasjonalpark, der villrein har sitt leveområde.

Vedtak

Orienteringa vart teke til etterretning.